

EVINY FORNYBAR AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Vår dato: 02.05.2023

Vår ref.: 201905997-25 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 13047846/ Håvard Fosse

Randi Holme 99 21 51 22

/rho@nve.no

Godkjenning av detaljplan for rehabilitering av Svartevatn dammar - Vemundsbotn kraftverk - Masfjorden og Modalen kommunar

Vi viser til søknaden dykkar om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av Svartevatn dammar.

Vedtak

NVE godkjenner detaljplan for miljø og landskap datert 19.01.2023 for rehabilitering av dammar Svartevatn , Vemundsbotn kraftverk i Masfjorden og Modalen kommunar.

Vilkår for godkjenninga

- De skal orientere oss om dato for oppstart av anleggsarbeidet seinast 7 dagar før planlagt start. Vi skal og orienterast ved viktige eller kritiske fasar i anleggsarbeidet
- Det skal nyttast landskapsarkitekt i arbeidet med å etablering og istandsetting av steinbrotet og arrondering av masselageret. Fagkompetanse skal koplast inn før dei fysiske arbeida tek til
- Arbeida skal gjennomførast i samsvar med krava i konsesjon datert 08.02.1980 post 10 og 13
- Det skal utarbeidast ein sluttrapport for miljø og landskap som skal sendast til NVE innan eitt år etter at anlegget er sett i drift. Rapporten skal dokumentere at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon, godkjend detaljplan, føresetnader og eventuelle endringar som er godkjent i løpet av byggeprosessen. [Lekkje til mal.](#)

Detaljplan for miljø og landskap må vere i samsvar med dei vilkår og føresetnader som går fram av konsesjonen datert 08.02.1980. Vi kan krevje fleire detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av oss før arbeida vert sette i gang.

Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 11.12.1980 post 10.

Tilsyn

NVE kan følgje opp anlegget med inspeksjon.



Anlegget er både for planlegging, bygging og drift underlagt krav om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Det er konsesjonæren sitt heile og fulle ansvar å utarbeide eit internkontrollsystem i samsvar med krava i forskrifta. NVE legg til grunn at dette vert etterlevd, og ved tilsyn på anlegget kan vi gjennomføre stikkprøvekontroll av internkontrollsystemet.

Vår handsaming av søknaden

Svartevatnet er inntaksmagasin for Vemundsbotn kraftverk. I 2018 vart det gjennomført revurdering av dammane og dei stettar ikkje krava i forskrift om damtryggleik. Tiltaka det er søkt om er pålagde av NVE. Oppstart av arbeida er planlagt våren 2023 og avsluttande arbeid vert gjennomført hausten 2025.

Detaljplanen er sendt på høyring 10.02.2023 til Masfjorden kommune, Modalen kommune, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, Nordhordland turlag og Bergen og Hordaland turlag. NVE var på synfaring i området 15.09.2022 og vart orientert om det planlagde tiltaket.

Detaljplanen

Anlegget består av hovud- og sekundærdam, og det må gjerast tiltak på begge dammane. Hovuddammen er ein fyllingsdam med oppstraums betongplate. Her skal det etablerast nytt skråningsvern ved å bygge ny damtå. På oppstraums side skal skadar i betongplatefelt og fuger reparerast. Det vert etablert nytt lekkasjemålepunkt, lukehus og vasstandsmåling. Sekundærdammen er av betong og her skal det støypast ny plate på oppstraums side, og ni av damseksjonane skal rivast for å etablere ny overløpsterskel. Det er utarbeidd miljøkartleggingsrapport der helse- og miljøfarleg avfall i konstruksjonane er kartlagt.

Stein til arbeida ved hovuddammen vert teke ut frå eit tidlegare steinbrot like ved dammen. Uttaket er rekna til om lag 5 000 m³ fast masse. I tillegg er det behov for å ta ut massar frå eit eksisterande masselager som ligg i mellom damanlegget og steinbrotet. Tiltak for å rydde opp etter tidlegare anleggsperiodar i området er skildra i planen.

Prosjektet er eit pilotprosjekt for berekraft der EVINY har mål om å redusere klimagassutslett og å redusere den lokale belastninga til eit minimum. Elektriske anleggsmaskinar vert testa ut i prosjektet og dette vil medføre noko auka aktivitet for å etablere lokal elektrisk infrastruktur på anleggsområdet.

Det vert etablert mellombelse riggområde og nokre mellombelse anleggsvegar. Riggområda er så langt mogleg plasserte på tidlegare opparbeidd areal frå tidlegare anleggsfasar.

NVE si vurdering av detaljplanen, grunngjeving for særskilde vilkår

Detaljplanen gir ei god skildring av arealbruk og arbeida som skal gjennomførast. Vi ser positivt på at planen også omfattar tiltak for å fjerne restar etter tidlegare anleggsperiodar. Vi konstaterer at EVINY har avgrensa arealbruken mest mogleg til areal som har vore nytta i tidlegare anleggsperiodar. Dette er eit viktig hovudprinsipp som medverkar til å



redusere den samla belastninga i området. Vi merker oss og at EVINY har sett fokus på berekraft og klimautslepp.

Areal for etablering av steinbrot og uttak av massar er planlagt nedstrøms damanlegget i eit område som allereie er etablerte som hjelpeanlegg til kraftanlegget.

På synfaring hausten 2022 vart denne delen av anleggsområdet drøfta særskilt. Området er prega av tidlegare anleggsverksemd. Slik området framstår no er det ikkje sett i stand i samsvar med dagens krav. Dette kjem blant anna til uttrykk i at masselageret er sett i stand som ei monoton flate, og at det gamle steinbrotet står att med ein vertikal brotkant som skil seg ut frå kringliggande omgjevnader.



Bilete 1: Tidlegare steinbrot i bakgrunnen og masselager som er planlagt teke i bruk

I og med at desse areala vert tekne i bruk i dei planlagde arbeida har ein høve til å oppnå eit utforming og istandsetting som er i tråd med dagens krav om *best mogeleg landskapsarkitektonisk utforming*. Dette er skildra i detaljplanen ved at arealet skal tilpassast overordna terrengform, og masselageret skal arronderast med tydelege terrengformer.

Området ligg i overkant av 700 meter over havet, og det må reknast med at revegetering vil ta fleire år. Både når det gjeld utforming av nye landskapsformer og å legge til rette for eit vellukka resultat med revegetering, må det koplatt inn relevant fagkompetanse på eit tidleg tidspunkt, før dei fysiske arbeida tek til. Dette er særleg viktig for endeleg utforming



og istandsetting av steinbrotet. Med bakgrunn i dette er det sett vilkår om det skal nyttast landskapsarkitekt i arbeidet med å etablering og istandsetting av steinbrotet og arrondering av masselageret. Fagkompetanse om dette skal koplatt inn før dei fysiske arbeida tek til.

Fråsegner

NVE har motteke fråsegner som delvis er refererte nedafor. Dei er sende til EVINY for kommentarar som er refererte fortløpande.

Masfjorden kommune ga fråsegn til planen i brev datert 23.02.2023. Kommunen opplyser at området som vert råka av rehabiliteringa ligg i eit LNF- område. Tiltakshavar har søkt om dispensasjon i høve til planføremålet, og det er gitt dispensasjon. Kommunen rår til at tiltakshavar har kontakt med beitelaga i Fossdalen og Otterstad som har beitedyr i området. Ut over dette har ikkje kommunen merknader til tiltaket.

EVINY opplyser at informasjon til beitelaga vert lagt til i kommunikasjonsplanen til prosjektet, og at dei på denne måten vil ta nødvendig omsyn til beitelag i samband med sauesanking. Med bakgrunn i dette vurderer NVE temaet som avklart.

Statsforvaltaren i Vestland ga fråsegn til planen i brev datert 06.03.2023. Han skriv:

«Rehabilitering av damanlegget er nødvendig og har stor samfunnsnytte. Anleggsaktivitet og tiltak er planlagt på eller nær eksisterande inngrep.

Naturmiljø og friluftsjntresser er vurdert i planen. Vi legg generelt til grunn at nye naturinngrep skal avgrensast så langt som råd, at alle tiltak får best mogleg landskapstilpassing, og at området blir stelt til etter moderne prinsipp. Det inneber bruk av lokale massar, lokalt plantemateriell og med naturlege førekomstar på staden som førebilete.

Det skal takast ut inntil 5000 m³ stein i eit gammalt steinbrot, og uttaket skal skje slik at det gamle brotet blir betre arrondert i terrenget. Vi legg til grunn at det blir nytta landskapsarkitekt til å rettleie tilbakeføringa.

Svartavatnet ligg i eit viktig friluftsområde, og området er innfallspport til Stølsheimen landskapsvernområde. Det er planlagt tilretteleggingstiltak under anleggsarbeidet, og vi tilrår at det blir halde god dialog med friluftsjntressene.

Vi minner om forureiningslova § 7 om å unngå forureining. Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets veileder M-1243. Vi legg vidare til grunn at eventuelt betongavfall blir handtert i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta. Vidare minner vi om at eventuelt mellombels steinknuseverk skal meldast til Statsforvaltaren på fastsett skjema. Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdjar».

Vestland fylkeskommune ga fråsegn til planen i brev datert 10.03.2023 og skriv: «Her er det vist til at Svartevatnet er eit viktig utgangspunkt for turar i Stølsheimen og eksisterande sti og alternativ sti ved omlegging er vist i kart. Det er og nemnt avbøtande tiltak i høve



parkering. Områda rundt Svartevatn er kartlagd og vurdert som viktige eller svært viktig friluftsområde. Sjølve tiltaka er konsentrert til damkonstruksjonane og områda i nærleiken av desse, difor er konsekvensane for friluftsliv små». Ut over dette opplyser fylkeskommunen at dei ikkje har kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i tiltaksområdet og at han difor ikkje har avgjerande merknader i saka.

Bergen og Hordaland turlag (BHT) ga fråsegn til planen i brev datert 13.03.2023:

«I dag har BHT ei skilttavle i anleggsområdet som informerer om turar i området. Den må ivaretaast eller omplasserast under arbeidet. Den må festast grundig, slik den er no.

BHT sitt viktigaste innspel til anleggsarbeidet er skilting av ei anna alternativ rute. Når det no vert omfattande byggearbeid i enden av vegen til dammen ved Svartavatnet, meiner BHT det beste alternativet er å nytta stien inn frå Storavatn til Lensmannshytta som alternativ til turgåarar som elles ville starta ved anleggsområdet. Dette er ein litt lengre trase, men stien er god heile vegen og går i fantastisk høgfjellsterreng med godt utsyn. Det er kort avstand mellom alternativt startpunkt ved Svartavassvegen opp til krysset der stien treff den t-merka ruta frå Dyrkolbotn. Denne sti-stubben er ikkje merka pr. no, men det er fleire vardar her, og berre 1 kilometer inn til den t-merka ruta. BHT vil peike på at vårt føreslåtte alternativ også vil vere positivt for dei som kjem hit utan eigen bil, og skal gå 17 km forbi Svartavatn, til bussen.

Ved bruk av vårt alternativ, vil BHT sørge for ettersyn med alternativ sti, og gjere det godt å ta seg fram og finne vegen. Me ber om at Eviny utbetrar parkering og skilting ved startpunkt Storavatnet. I dag er det skilta ved startpunkt Storavatn, men skilta i svingen er vanskelege å sjå slik dei er plassert. Ei infotavle vil vere naudsynt blikkfang, og gje tilstrekkeleg info om ruta.

Det må også informerast om ny rute, på Skavlabu, for dei som skal motsett veg. Det må også informerast i stikryss før Skavlabu, for dei som kjem frå Skjerjevatnet og skal direkte til vegen ved demningen. Det bør også informerast ved vegen ved Skjerjevatnet, for dei som kjem frå Vardadalsbu. Me håper desse tiltaka kan finansierast av Eviny og utførast av BHT.

BHT ber også om evt. avklaring mot grunneigarar ved nytt startpunkt før endring av merking i svingen blir utført. Dette gjeld også dersom det vert aktuelt å merka innover ved lensmannshytta».

EVINY er positive til å legge om stien og å etablere moglegeheiter for parkering. Vidare skriv EVINY: «EVINY har forsøkt å få på plass en avtale med grunneier, men grunneier er dessverre ikke imøtekommende på dette, og midlertidig omlegging av tursti vil følgelig ikke la seg gjennomføre som foreslått av BHT. Prosjektet mener at de tiltak som er tatt inn i prosjektet allerede hensyntar 3.person og turgåere på en god måte».

NVE si vurdering av omsyn til friluftsliv og ferdsel langs stiar i anleggsperioden

EVINY opplyser at dei har vore i dialog med grunneigar men at omlegging av turstien ikkje let seg gjennomføre slik BHT føreslår.



Den aktuelle turstien går over dammen. I detaljplanen har EVINY vurdert dette omsynet, og konkludert med at der ikkje er gode alternativ til omlegging av turiststien utanom anleggsområdet. Ei omlegging vil medføre ei forlenging på fleire kilometer. Difor har EVINY planlagt å legge til rette for parkering ved hovuddammen og langs vegen før ein kjem til anleggsområdet. Stien vert lagt mellombels om gjennom anleggsområdet. Dette vert tilpassa framdrifta i prosjektet slik at omlegginga ikkje går gjennom område med anleggsarbeid og omlegginga vert skilta.

Fylkeskommunen har vurdert omsynet til friluftsliv og ferdsel langs opparbeidde stiar. Etter fylkeskommunen si vurdering vil konsekvensane for utøving av friluftsliv vere små.

NVE konstaterer at EVINY har prøvd å etterleve BHT sit forslag til omlegging av turstien utan å oppnå semje med grunneigar om dette. Vidare har EVINY planlagt alternativ parkering og mellombels omlegging av turstien. Etter vår vurdering er omsynet til friluftsliv og ferdsel langs merka sti teke tilstrekkeleg i vare i detaljplanen. Dei negative konsekvensane vil dessutan vere avgrensa i tid. EVINY har vore i kontakt med aktuell grunneigar for å oppnå den løysinga som BHT føreslår utan å få aksept for dette. Med bakgrunn i at EVINY har skildra ei løysing for å avbøte dei negative konsekvensane av anleggsarbeidet, finn ikkje NVE grunn til å krevje ytterlegare avbøtande tiltak. Vi føreset at EVINY følgjer opp temaet som skildra i detaljplanen.

Vurdering av flaum og skredfare

Flaum og skredfare er vurdert i planen og det er identifisert at det ikkje er direkte fare for steinsprang i områda der arbeida skal utførast. Området over damtåa er relativt bratt og vert undersøkt for lause steinar før arbeida tek til. Det er engasjert ekspertise for å vurdere snøskredfare. Dette er særleg aktuelt i samband med opning av vegen fram til damanlegget. Kartlegging vart gjennomført i 2022 og gjeldande snøskredvarsel vert utsendt i samband med brøyting av vegen så lenge dette er aktuelt.

NVE minner om konsesjonæren sitt sjølvstendige ansvar for at nødvendige fagleg kartlegging og vurderingar er gjennomført og å setje i verk nødvendige tiltak.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 set krav om at alle myndigheiter som forvaltar eller tek avgjerder som har verknader for naturen, er plikta å vurdere tiltaka opp mot relevante reglar i lova.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effektar av eventuelle påverkingar, er basert på den informasjonen de har lagt fram i detaljplanen, fråsegner vi har motteke, og våre erfaringar. Vi har søkt i Naturbase og Artskart den 25.04.2023. Vi har tilstrekkeleg grunnlag til å vurdere tiltaket og verknadene det har på det biologiske mangfaldet. Kravet til kunnskapsgrunnlag etter naturmangfaldlova § 8 er oppfylt.

I influensområdet til Svartevatnet er der ikkje registrert sårbare eller trua naturtypar eller artar. I detaljplanen er det opplyst at der er aure i Svartevatnet. Bestanden er undersøkt fleire gonger, seinast i 2018. Tiltaka som skal gjennomførast er i stor grad knytt til luftsida av dammane. Tiltak på vassida av hovudammen vert dette gjort når vasstanden er låg slik at arbeida kan gjennomførast tørt. Etter EVINY si vurdering får ikkje dei planlagde arbeida konsekvensar for aurebestanden. Ingen av høyringspartane har hatt merknader til dette,



og NVE vurderer forholdet som tilstrekkeleg opplyst og avklart. Tiltaket er ikkje i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem i naturmangfaldlova § 4, eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Vi har og vurdert tiltaket sine verknader i samband med anna påverknad av naturtypar, artar og økosystem. Området der tiltaket skal gjennomførast har vore nytta til kraftproduksjon i lang tid, og tiltaket er konsentrert til areal som har vore nytta i tidlegare anleggsfasar. Samla belastning på økosystemet og naturmangfaldet er vurdert etter naturmangfaldlova § 10. Ho er ikkje så stor at ho blir avgjerande for vurderinga.

Det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om dei verknadene tiltaket kan ha på naturmiljøet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 kjem difor ikkje i bruk.

Etter krava i § 11 og § 12 skal tiltakshavar dekke kostnadene ved, og nytte miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. De har opplyst kva tiltak som skal setjast i verk for å hindre og avgrense skadar på naturmangfaldet gjennom å avgrense arealbruken mest mogeleg og å sette i stand areala som vert nytta i anleggsfasen. Kostnadene for dette vert dekte av EVINY Fornybar.

Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til

Plan- og bygningslova

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd. Masfjorden kommune har opplyst at dispensasjon er gitt. Vi minner om at dette må avklarast med Modalen kommune i tillegg.

De må og syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift. Desse gjeld så langt dei passar for tiltaket.

Forskrift om damsikkerheit

Vedtaket omfattar ikkje plan for sikkerheit ved vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1 og høgare etter forskrift om damsikkerheit. Plan for sikkerheit (Teknisk plan) skal vere godkjent før de set i gang anleggsarbeida. Teknisk plan er godkjend av NVE i vedtak datert 11.01.2022.

Privatrettslege rettingheiter

De må ha avklart alle nødvendige privatrettslege rettingheiter før anleggsarbeida tek til.

Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk

De må innhente nødvendige godkjenningar etter anna lovverk.



Det skal sendast inn dokumentasjon til Masfjorden og Modalen kommunar når anlegget er ferdig bygd

Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kartdata i eigna format med alle fysiske anlegg til Masfjorden og Modalen kommune, slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte, jf. byggesaksforskrifta § 4-3 fjerde ledd.

Høve til å klage

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Kristian Markegård
direktør

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

EVINY FORNYBAR AS

Kopimottakarliste:

TBD - Seksjon for dampsikkerhet - Steinar Lund
Modalen kommune
MASFJORDEN KOMMUNE
EVINY FORNYBAR AS - Håvard Fosse
Bergen og Hordaland Turlag
NORDHORDLAND TURLAG
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	<p>Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>
Du kan få grunngjeving for vedtaket	<p>Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.</p>
Kva skal med i klagen?	<p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. <p>I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</p>
Du kan få sjå dokumenta i saka	<p>Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.</p>
Vilkår for å gå til domstolane	<p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit.</p> <p>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>
Sakskostnader	<p>Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.</p>
Kven kan klage på vedtaket?	<p>Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.</p>
Kvar skal du sende klagen?	<p>Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.</p>

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.